



«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Vilde Røyrvik Grøtte	473 56 236	2022/6655-7	«REF»	16.08.2023

## SEKSJONERINGSLØYVE – delegert vedtak

**Heimelshavar:** Kjell Henning Sjo og Reidun Sjo

**Seksjonering av gnr/bnr:** 192/199

**Parsellen skal nyttast til:** Næring

---

**Delegert vedtaksnr.: 2023/361**

### Vedtak

Kvinnherad kommune gjev i medhald av eigarseksjonslova kapittel III løyve til seksjonering av eigedomen. Matrikkeleining, gnr. bnr.: 192/199

Løyvet gjeld oppdeling i 7 seksjonar.

---

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter eigarseksjonslova § 16 og forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagefristen er 3 veker frå motteke løyve. Eventuell klage skal stillast til Fylkesmannen i Hordaland, men sendast gjennom kommunen.

### Søknaden:

Søknaden gjeld beståande bygning der oppdelinga gjeld brukseiningar som er ferdig utbygd.

Det vert søkt om oppdeling i 7 seksjonar, - alle til næringsformål.

Tilleggsareal: Alle 7 seksjonane har tilleggsareal i grunn.

Fellesareal: Alt utanom definerte seksjonar og tilleggsareal

### Gjeldande plangrunnlag:

Eigedomen er omfatta av reguleringsplan med planidentifikasjon 4617\_20030019.

**Synfaring:**

Tilleggsareal i grunn krev oppmålingsforretning. Rekvisisjon av oppmålingsforretning er lagt ved søknad om seksjonering. Oppmålingsforretning vil bli halden før seksjoneringa vert sendt til tinglysing.

**Retting i seksjonssøknaden:**

Det er etter avtale med Johan Feet (kontaktperson for eigarane av 192/199) – gjort følgjande rettingar i seksjoneringsøknaden:

- I søknadsskjemaet vart det ført opp 1 næringsseksjonar og 6 bustadseksjonar, dette var feil og underteikna har difor etter avtale endra det til 7 næringsseksjonar.

**Retting av vedlegga til seksjoneringsøknaden:**

Sakshandsamar har med heimel i eigarseksjonslova § 13 fyrste avsnitt andre setning utarbeidd kartskisse som viser seksjonar med tilleggsareal, samt tilgrensande eigedomar Dette er gjort for betre å klargjera avgrensinga av dei einskilde einingane utan at dette medfører reell endring av innsend materiale. Matrikkelkart for utandørs tilleggsareal vil bli utarbeida når oppmålingsforretning er halden.

**Plan- og bygningsmessig vurdering:**

Kommunen finn at søknaden tilfredstiller krava i eigarseksjonslova § 7.

Kommunen vil presisera at løyve til seksjonering ikkje medfører noko form for godkjenning etter plan- og bygningslovgevinga.

**Vidare handsaming:**

Seksjoneringsøknaden vedlagt etasjeplanar og situasjonsplan vil verta vidaresendt til Statens kartverk for tinglysing og formell oppretting av nye seksjonar etter at klagefristen er gått ut. Etter tinglysing vil original seksjonssøknad og eit komplett sett av vedlegga verta returnert til dykk herifrå.

**Merknader:**

- Rekning for handsamingsgebyr ifølge vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå økonomikontoret til søkjar.
- Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **[www.lovdata.no](http://www.lovdata.no)**

*For kommunedirektøren i Kvinnherad*

Vilde Røyrvik Grøtte  
*Saksbehandlar geodata*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

**Kopi til:**

Referatsak forvaltningsutvalet